



Kaland Trelast AS

5953 Fønnes

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/503 - 0 - 16217/2008	Linda Folkestad - 56375170	107/11	02.07.2008

Vedrørende søknad om dispensasjon frå byggegrense, Gnr. 107, Bnr. 11, Kolås.

Syner til revidert situasjonsplan motteke 30. juni 2008 vedrørende søknad om dispensasjon frå byggegrense, kommunal veg, Kolås. Etter vurdering av ny situasjonsplan kan vegavdelinga gje dispensasjon frå byggegrense på følgjande vilkår:

- På grunn av siktsona skal avstand mellom mur/trapp og midt kommunal veg skal være minimum 6,5m. Avstand mellom næraste punkt av terrasse og midt kommunal veg skal være minimum 8m.
- Dersom parkeringsplass vert planert som vist i situasjonsplan (datert 30.06.08) skal ein i siktsona til avkjørsla ikkje sette opp sikthindringar. Siktsona skal ikkje nyttast til parkering.
- I siktsona til avkjørsla skal det ikkje settast opp byggverk, mur, hekk, buskvekstar og liknande som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av grunneigar/brukarane av avkjørsla, uavhengig av kven som har bygget eller påkosta avkjørsla.
- Svingradius for avkjørsla er i avkjørsla løyve satt til minimum 3m. Parkeringsplass skal derfor forskyvast 2m slik at ein oppnår minimums kravet ($r = 3m$, $d = 6m$).

Slik vegavdelinga ser det kan parkeringsplass kome i konflikt med steingard på eigedommen. Vi gjer Dykk difor oppmerksom på at denne ikkje kan fjernast utan særskilt løyve. I dag vert steingard betrakta som kulturminne.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve Veglova og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med føresegnene i Veglova §§ 29-31 og 40-43, samt forskrift 1964-07-16 nr 3905.

Med helsing

for

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:
Knut Bjørnevoll